



# Fjelberg Kraftlag – til felles nytte

## Frå partlag til samvirkeføretak og frå parteigar til medlem

### Føremål

Parteigarane i Fjelberg Kraftlag vedtok i april 2009 at laget skal gå over frå partlag til eit allmennyttig samvirkeføretak. Laget har alltid vore eit samvirke, men selskapsform og vedtekter er no tilpassa den nye samvirkelova. Det offisielle namnet er Fjelberg Kraftlag SA. Dei som før var parteigarar er no medlemmer i samvirkeføretaket.

I eit samvirke er prinsippet at alle medlemmer har like rettar og skal behandlast likt.

Føremålet med selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i forsyningsområdet. Det geografiske forsyningsområdet er som tidlegare; Valen, Halsnøy og Fjelbergøyane.

Laget skal som før forsyna medlemene med elektrisk kraft, byggja ut breibandsnett og kan dessutan delta i tiltak for felles beste i forsyningsområdet. Dette kan til dømes vera:

- Driva eller yta midlar til eller eiga verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål innan laget sitt forsyningsområde.

Kraftlaget har ein solid eigenkapital, som skal forvaltast slik at den gjev ei langsiktig og stabil inntekt. Vi er òg medeigar i Sunnhordland Kraftlag AS (SKL), noko som årleg gjev oss gode inntekter frå kraftproduksjon.

Som før kan noko av overskotet nyttast til etterbetaling til medlemene.



**Fjelberg Kraftlag**

Fjelberg Kraftlag  
– frå partlag til samvirkeføretak

REIN ENERGI



### Medlem

Medlemsskap er frivillig, og personar og bedrifter kan vera medlem i Fjelberg Kraftlag SA. Men det gjeld berre personar som er busette i laget sitt forsyningsområde eller organisasjonar som har forretningsadresse der. Eit anna vilkår for medlemskap er at dei kjøper varer eller tenester frå laget.

Ein treng ikkje lenger vera eigar av fast eigedom som er tilknytt laget sitt nett for å vera medlem. Leigetakarar av husvære kan difor no vera medlemmer.

### Rettar og plikter som medlem

Nyinnmelde medlemmer betaler 500 kroner i medlemsinnkot som vert sett inn på medlemskapitalkonto. Tidlegare parteigarar er no registrert som medlemmer, og skal ikkje betala medlemsinnkot. For dei er medlemsinnkotet overført frå laget sin eigenkapital. Det skal ikkje betalast årleg medlemskontingent til laget.

Alle medlemene har rett til å delta i styringa av laget ved å delta og røysta på årsmøtet. På årsmøtet har kvar medlem éi

røyst. Ein medlem kan dessutan røysta for ein (1) annan medlem.

Årsmøtet skal velja ein styreleiar og eit styre med fire medlemmer der begge kjønn er representert. Styreleiaren blir vald for eitt år om gongen, styremedlemene for to år.

### Medlemskap løner seg

Som medlem har du rett til å få del i overskotet i laget. Inntil 25% av det årlege overskotet kan nyttast til etterbetaling til medlemene. Kor mykje kvar einskild får i slik etterbetaling, er basert på den einskilde medlemen sin handel med laget siste året.

### Meld deg inn!

Dersom du ikkje er medlem så ta kontakt med oss for ein prat om korleis du kan melda deg inn.

Du finn oss på telefon 53 48 30 00 mellom 07.30 og 15.00.

Velkomen som medlem – og eigar av «ditt eige kraftlag».



## Fjelberg Kraftlag

Bjoanesvegen 69 • 5454 Sæbøvik • Telefon 53 48 30 00

Du kan finna fullstendige vedtekter for Fjelberg Kraftlag SA på nettet, sjå [www.fjelberg-kraftlag.no](http://www.fjelberg-kraftlag.no)